Gjennom kvotesystem og ei forståing mellom Miljøverndepartementet og Prosessindustriens Landsforening, PIL, vil vi få synberre reduksjonar i utsleppa. Dei kvotepliktige verksemdene vil samla få tildelt færre kvotar enn dei vil trenga for å dekkja utsleppa sine. Verksemdene må derfor anten gjennomføra utsleppsreducerande tiltak eller kjøpa kvotar på marknaden. Forståinga med PIL sikrar også at den delen av prosessindustrien som ikkje blir teken med i kvotesystemet i denne omgangen, vil redusera utsleppa av klimagassar.

PIL har forplikta seg til at utsleppa frå prosessindustrien, utanom gassraffineri og ilandføringsterminalar for olje og gass, skal reduserast med 20 pst. i 2007 samanlikna med 1990-nivå. Gassraffineri og ilandføringsterminalar har hatt ein sterk vekst i utsleppa som følgje av auka aktivitet. I tråd med tilleggsmeldinga skal det takast omsyn til denne veksten ved fastsetjinga av samla kvotemengd.

Med det føreslegne kvotesystemet og forståinga med PIL oppfyller Regjeringa ambisjonsnivået i tilleggsmeldinga. Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet synest å gløyma at stortingsfleirtalet ved framlegginga av tilleggsmeldinga var einig om at den samla tildelinga skulle justerast i forhold til utvidingar og nedleggingar av produksjonen i kvotepliktige verksemdar.

Det er rekna ut at kvotesystemet, saman med forståinga med PIL, vil redusera klimagassutsleppa i Noreg med vel 1 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2007 samanlikna med utsleppsframskrivingar utan nye tiltak. Denne reduksjonen tilsvarar gjennomsnittleg utsleppa frå om lag 400 000 personbilar. Etablering av eit tidleg kvotesystem vil dessutan gi oss viktig erfaring med eit verkemiddel som vil bli sentralt i det vidare arbeidet med å redusera utslepp av klimagassar, både nasjonalt og globalt.

Klimakvotelova vil ikkje gjera det lettare å byggja ureine gasskraftverk, slik enkelte har hevda. På same måten som i dag vil det kunna stillast teknologikrav i form av krav om CO₂-handtering i utsleppsløyve til nye gasskraftverk. Teknologikrav er eit like effektivt verkemiddel for å hindra etablering av ureine gasskraftverk som grenseverdiar i utsleppsløyve.

Kvotesystemet er i tråd med Stortinget sine føresetnader frå 2002 utvikla i nær dialog med industrien.

Regjeringa ønskjer at norske bedrifter skal kunna delta fullt ut i ein europeisk kvotemarknad. Eg har derfor teke initiativ til forhandlingar med Europakommisjonen med sikte på å få i stand ein bilateral avtale for perioden 2005–2007 om gjensidig godkjenning av kvotar mellom Noregs og EUs kvotesystem. Kommisjonen har svart positivt på den norske førespurnaden. Kommisjonen har samtidig gitt uttrykk for at ein ønskjer at kvotedirektivet blir teke inn i EØS-avtalen på lengre sikt, helst frå 2008. Det tyder godt at kommisjonen og den norske regjeringa er einige om at det er ønskeleg med ei kopling mellom dei to systema. Regjeringa fører ein offensiv klimapolitikk som i tillegg til utsleppsreducerande tiltak inkluderer utvikling av ny teknologi, endring av produksjons- og forbruksmønster og ei pådrivarrolle i internasjonale forhandlingar. Med klimakvotelova innfører vi eit nytt verkemiddel i klimapolitikken. Samtidig beheld vi høvet til å stilla krav etter forureiningslova. Samla gir dette ei styrking av klimaverkemidla og klimapolitikken.

Presidenten: Det blir replikkordskifte.

Ranveig Frøiland (A) [17:07:28]: Kristeleg Folkeparti liker visst ikkje å skifta partnar så ofte, så eg skal ikkje spørja om det.

Men eg vil spørja litt om industrien. Ein vil jo både kjøpa og selja kvotar på den europeiske kvotemarknaden, på lik linje med det som EU-industrien vil gjera frå neste år. Kan statsråden stadfesta at det vil verta slik? I motsett fall – dersom dette ikkje skulle vera tilfellet – korleis ser statsråden på dette, dersom avtalen med PIL ryk? Kva slags alternativ har statsråden og Regjeringa i forhold til det?

Statsråd Knut Arild Hareide [17:08:19]: Som eg kom inn på i innlegget mitt, ønskjer Regjeringa sterkt eit samarbeid i forhold til EUs kvotesystem. Den dialogen som me har hatt med EU-kommisjonen, tyder på at dei òg ønskjer eit samarbeid frå 2005 til 2007.

Det ligg føringar frå EU-kommisjonen som går på at dei ønskjer at me skal implementera EU-direktivet frå 2008. Det har den norske regjeringa ikkje sagt seg einig i. Slik eg ser det, ligg alt til rette for eit samarbeid i perioden framover, men Regjeringa står ved sin politikk, at me ikkje ønskjer å implementera EU-direktivet. Det er fordi me ønskjer å ha ei moglegheit til å føra ein nasjonal klimapolitikk som er tilpassa våre forhold. Det vil òg vera det beste for miljøet.

Øyvind Vaksdal (FrP) [17:09:35]: Ved framleggelsen av lovproposisjonen om å innføre et tidlig nasjonalt kvoteregime for såkalte klimagasser viser Regjeringen sitt sanne ansikt i miljøpolitikken. Det spiller åpenbart ingen rolle om det totale utslippet av disse gassene blir redusert. Det som er viktig og altoverskyggende, er at vi i Norge igjen skal være best i klassen – koste hva det koste vil.

Jeg vil derfor spørre statsråden om han ikke ser i hvert fall den miljømessige verdien av å beholde industrien i Norge, og hvorfor han med fullt overlegg nå skaper enda større problemer for industrien med sine særnorske utslippskrav – som setter tusenvis av norske industriarbeidsplasser i fare.

Statsråd Knut Arild Hareide [17:10:31]: Me skal vera blant dei beste i klassen i miljøpolitikken.

Dette er eit problem: Klimautfordringa er laga av dei rike, vestlege landa. Det er derfor heilt naturleg at desse landa òg er med og tek det ansvaret som dette inneber. Kven vil vera dei største taparane om me ikkje maktar å gripa fatt i klimautfordringa? Jo, det vil på nytt vera dei fattigaste landa. På nytt vil dei afrikanske landa bli taparane.

Derfor skal me vera aktive i forhold til denne politikken. Me har eit system som tek vare på industrien, men Noreg skal vera leiande. Me har framfor oss klimaforhandlingar i Buenos Aires. Der skal Noreg vera eit av dei landa som går føre og viser veg i klimapolitikken.

Hallgeir H. Langeland (SV) [17:11:42]: Eg er glad for at miljøvernministeren tek opp det solidariske, dei solidariske verdiane – det sakna eg litt i innlegget. Det er nettopp dette me snakkar om når det dreiar seg om klimagassutslepp: Det er dei fattige som nok ein gong taper

(Langeland)

dersom ein ikkje gjer nok. Nettopp derfor er det viktig at ein òg handlar heime. Nettopp derfor er det viktig at ein gjer noko aktivt sjølv.

Det er her Kristeleg Folkeparti no har skifta partnar og gått med Arbeidarpartiet. Kristeleg Folkeparti har vore bekymra for at SV skal bli ein miljøgissel for Arbeidarpartiet og LO i ei ny regjering. Då er det jo freistande for meg å spørja om ikkje statsråd Hareide kan dela erfaringane sine med SV når det gjeld korleis det er å vera denne gisselen, slik at me ikkje treng gjera dei same erfaringane.

Det andre som eg trur det er viktig å få presisert – for det er ein del forvirring ute og går – er at SV ønskjer å hjelpa til for å unngå at det blir bygt fleire sterkt forureinande gasskraftverk enn det på Snøhvit. Men det er vel slik – eg spør miljøvernministeren – at ein no kan risikera å måtta leggja ned grunnsteinen for eit sterkt forureinande gasskraftverk på Kårstø?

Statsråd Knut Arild Hareide [17:13:04]: Det er rett som representanten Langeland her seier, at me i denne saka har skifta samarbeidspartnar. Men me står for den same politikken. Dei føringane som blei lagde i tilleggsmeldinga, står fast. Me har eit ambisjonsnivå som blei lagt fram i tilleggsmeldinga. Det legg me føringar for no, i proposisjonen om klimakvotelova.

Det er slik at den nye klimakvotelova ikkje gjer det lettare å byggja gasskraftverk med gammal teknologi. Derfor er det med stor glede ei samla regjering legg fram denne lova, ei lov som tek vare på miljøet på beste måte. Me stiller tydelege krav gjennom forureiningslova. Me kjem med eit nytt verkemiddel i klimapolitikken. Samla sett styrkjer dette klimapolitikken.

Hallgeir H. Langeland (SV) [17:14:13]: Eg takkar statsråden for svaret. Sjølv om det ikkje er tilfredsstillande, sett med SV sine auge, er det visse positive element – som eg òg sa i mitt hovudinnlegg som saksordførar – knytte til det at ein vil få prøvd ut eit internasjonalt system som ein då kan komma med i frå 2008.

Men eg forstår ikkje heilt at ein kan vera så veldig fornøgd – når ein no er i den motsette situasjonen av det ein var i våren 2000. Då viste miljøørsla og SV stor respekt for ei regjering som gjekk av fordi ho meinte at det å gå inn for å byggja gasskraftverk var så alvorleg at ho ikkje ville vera med på det.

No er ein altså entreprenør for eit sterkt forureinande gasskraftverk på Snøhvit og kan ikkje setja foten ned for forureinande gasskraftverk på Kårstø. Eller tek eg feil? Er det ikkje slik at miljøvernministeren faktisk kan bli den som får bygd Kårstø-anlegget?

Statsråd Knut Arild Hareide [17:15:18]: Eg må minna representanten Langeland om at hans regjeringspartnar Arbeidarpartiet gav konsesjonen på Kårstø. Regjeringa avklarte tydeleg i tiltredingserklæringa at ho ville at dei konsesjonane som var gitt av arbeidarpertiregjerings, skulle stå. Men debatten tilbake i 2001 gjekk på

om ein ville vera med og svekkja forureiningslova, og det ville ikkje me vera med på.

Me innfører altså i dag eit nytt verkemiddel i klimapolitikken. Me får eit kvotesystem, og me svekkjer ikkje forureiningslova. Det vil gjera at me samla sett har ei styrking av klimapolitikken, og det er viktig for Regjeringa. Me hadde gjerne sett fram til eit samarbeid med SV. Derfor la me fram dei same føringane som i tilleggsmeldinga. Det takka SV nei til, sjølv om me altså førte vidare nettopp det me var blitt einige om gjennom tilleggsmeldinga i 2002, i dette lovframlegget.

Sigvald Oppebøen Hansen (A) [17:16:35]: Som statsråden sa i sitt innlegg, har han oppmoda EU om forhandlingar om ei bilateral avtale. Etterpå har det ikkje kome noka konkret avklaring, anna enn at EU har gjort det klart at kvotehandelsdirektivet er EØS-relevant, og at Noreg må implementere direktivet seinast 31. desember 2007.

Når det gjeld eventuelle forhandlingar om ei bilateral avtale, har det enno ikkje kome noka avklaring frå EUs side med omsyn til forhandlingsmandatet, framdriftsplan osv.

Frå industriens side er det ein føresetnad at fullverdig kvotehandel kan starte i 2005. Kan Regjeringa gje Stortinget forsikringar om at dei bilaterale avtalene vil vere på plass i løpet av første halvår 2005?

Statsråd Knut Arild Hareide [17:17:43]: Regjeringa arbeider aktivt med å sikra ein avtale i forhold til EU sitt kvotesystem, og me har hatt ein tett dialog med EU. Eg har òg sjølv hatt møte med formannskapet i EU, som har gitt positive signal for å få til ein avtale mellom EU sitt kvotesystem og det norske kvotesystemet. Alt tyder på at dette vil kunna bli løyst i perioden 2005–2007.

Ueinigheita går på kva slags tilknytning det norske kvotesystemet skal ha vidare, om det skal vera gjennom ein bilateral avtale eller ved at Noreg skal slutta seg til kvotedirektivet. Me ønskjer at tilknyttinga for det norske systemet framleis skal vera gjennom eit bilateralt samarbeid med EU. Det trur me vil vera det beste, men eg kan roa representanten Oppebøen Hansen frå Arbeidarpartiet med at alt tyder på at me vil få til ein avtale med EU for perioden 2005–2007.

Presidenten: Replikordskiftet er slutt.

Dei talarane som etter dette får ordet, har ei taletid på inntil 3 minutt.

Hallgeir H. Langeland (SV) [17:19:16]: Debatten går mot slutten, og som saksordførar – og som SV-ar, må eg vel òg få lov til å seia – har eg behov for å oppsummera på eit par punkt.

Når det gjeld det som Onarheim sa, knytt opp mot kroppsspråket i 2000, observerte eg òg at det var veldig komplisert for Høgre å samarbeida med miljøpartiet SV. Det var krevjande, men ein klarte det altså då. Eg konstaterer at Onarheim har eit heilt anna kroppsspråk i dag, så han trivst betre i det selskapet han er i no.

Då er det meir bekymringsfullt – dersom me skal halda oss i bransjen med kroppsspråk – at Kristeleg Folkeparti og Venstre ser ut til å gå rakryggja, trass i at dei har skifta posisjon – dei har ikkje den same bekymringa som Onarheim hadde i 2000. For det er ikkje tvil om at det som har skjedd, er at Venstre og Kristeleg Folkeparti har flytta posisjon og er betydeleg svekte i truverdet knytt opp mot klimapolitikken. Det viser det faktumet at dei no er saman med det partiet som faktisk ønskte å pressa Bondevik I-regjeringa til å gå av. Det klarte ein. I dag står dei saman med dei partia som gjorde dette, og snakkar om at dei har ein offensiv klimapolitikk.

Me kan òg observera at gasskraftlobbyen er fornøgd. Dei som representerer NHO, LO, PIL, OLF og andre, har ein god dag i dag, mens miljøørsla ikkje har det – det motsette av det me hadde den 9. mars 2000, då Bondevik I gjekk av.

Så konstaterer eg at me no får eit klimakvotesystem, det blir vedteke. Og SV vil sjølv sagt vera med og jobba for å forbetra det i neste runde, når me no ikkje klarte å forbetra forslaget frå Regjeringa. Me trur at det blir vanskelegare for SV å vera konstruktive i den posisjonen no, når det partnerskiftet som er gjennomført, så openbert kan føra til ein dårlegare klimapolitikk. Då blir nok denne utfordringa større enn det SV kunne ønskja seg. Det er nemleg ikkje slik som miljøvernministeren sa, at SV ikkje ville samarbeida, tvert imot. Me fekk ikkje tilbake meldingar på vår invitasjon til samarbeid. Og då braut Regjeringa ut.

SV er klar til å gripa dei mange utfordringane som er, framover, ikkje minst på energisektoren, med ein alternativ, fornybar energipolitikk, og med ein industripolitikk som sørger for at industrien er i Noreg, men der ein får rammevilkår som det går an å leva med. Slik sett er det ikkje ein særleg god dag for miljøpolitikk og klimapolitikk i Noreg i dag.

Bror Yngve Rahm (KrF) [17:22:40]: Debatten går mot slutten. Bare noen korte kommentarer, særlig i forhold til SV og Hallgeir Langeland:

Det er helt riktig – Kristelig Folkeparti er ganske rakrygget i dag, i likhet med hva regjeringskollegene Venstre og Høyre er. Det er fordi vi faktisk er litt stolte av at denne regjeringen legger på plass et system – for første gang – som skaper bedre miljø, gir oss erfaring og samtidig sørger for at vi får utslippene av CO₂ ned. Det stiller flertallet seg bak, med unntak av SV, som ikke stiller seg bak dette brede forliket. Det ville ha vært en fordel.

Spørsmålet om å bytte partner, som har vært en merkelig del av denne debatten, er relativt lite viktig, sett i forhold til den utfordring vi har i klimapolitikken – det hadde vært greit om vi kunne ha fokusert på det. Jeg registrerte at Hallgeir Langeland spurte om råd i forhold til det å være gissel. Da kan vi si: Vi har ingen erfaring i det å være gissel. Men når Hallgeir Langeland ber om råd, må det være et uttrykk for at han forventer å bli det. Jeg tror Hallgeir Langeland vil komme til å oppleve at verden ikke er fullt så enkel eller fullt så svart-hvit som det han kan gi uttrykk for når han står helt alene. I det øye-

blikk han skal ta ansvar, vil han oppleve at bildet er litt mer sammensatt.

Det som er viktig å få fram på slutten av debatten fra Kristelig Folkepartis side, er at vi leverer den politikken vi tidligere har sagt at vi står for. Vi opprettholder ambisjonsnivået, vi svekker ikke forurensningsloven, vi gjør det ikke lettere å bygge det som Hallgeir Langeland definerer som sterkt forurensende gasskraftverk. Vi leverer den varen som vi i tilleggsmeldingen sa at vi ville levere.

Vi er glad for at det store flertallet i Stortinget slutter seg til det, uavhengig av hvem som måtte mene hva om hvem som har snudd eller ikke snudd. Det vi registrerer, er at Hallgeir Langeland stiller seg på sidelinjen i et så viktig spørsmål, og ikke er med i dette brede forliket. Det hadde vært en fordel – for SV – ikke minst i forhold til den alliansen han ser for seg at han en gang skal gå inn i.

Hallgeir H. Langeland (SV) [17:25:22]: Eg hadde ikkje tenkt å ta ordet ein gong til, men når leiaren i komiteen bruker 3 minutt på saksordføraren og på SV, må eg nesten replisera litt. Men eg kan gjera det kort.

Eg konstaterer at Kristeleg Folkeparti i denne saka var rakryggja i 2000 – dei stod saman med miljøørsla og ville ikkje svekkja forureiningslova slik at det blei mogleg å byggja gasskraftverk. Eg konstaterer at den 8. desember 2004 står ein saman med LO, Prosessindustriens Landsforening og olje- og gassindustrien, og legg til rette for bygging av gasskraftverk som andre har bestemt – men ein kjem sjølv til å leggja ned grunnsteinen. For meg er det eit linjeskifte utan like i miljø- og klimapolitikken, og trass i at ein seier at klimapolitikken er viktig. Derfor er det bekymringsfullt at Kristeleg Folkeparti gjer dette så lett – at alt no er blitt så flott.

For å avslutta og ikkje dryga ut møtet: Eg hørte at eg ikkje fekk noko råd om korleis det var å vera miljøgissel, slik som Kristeleg Folkeparti er no. Det tek eg til etterretning, og reknar med at ein ikkje ønskjer å fortelja korleis dette er, sjølv om det smertar.

Presidenten: Bror Yngve Rahm har hatt ordet to gonger tidlegare, og får ordet til ein kort merknad.

Bror Yngve Rahm (KrF) [17:27:04]: Til det Langeland sa om å være gissel, vil jeg bare replisere: Vi har ikke erfaring med å være gissel, derfor kan vi ikke gi råd. Men jeg registrerer at Hallgeir Langeland likevel ber om det. Det må være fordi han forventer å bli gissel – men det er ikke vår posisjon i dag.

Bak den innstillingen vi med stor frimodighet legger fram i dag, og som får flertall, er det en samlet regjering som stiller seg. Nå har vi tatt noen viktige skritt framover som jeg tror vi kan bygge videre på i forhold til ytterligere utfordringer i klimaspørsmålet.

Til spørsmålet om linjeskifte: Det overrasker meg litt at Hallgeir Langeland helt fram til i dag hopper bukk over de vedtak som faktisk ligger i Stortinget fra før, hopper bukk over de konsesjoner som er gitt, og de posisjoner som både Kristelig Folkeparti, Høyre og Venstre har, med utgangspunkt i Sem-erklæringen, på det punktet. Det er

ikke noe nytt i forhold til dette, ut fra hva vi har sagt før, og hva vi har som forankring i Sem-erklæringen.

Dette er en videreføring av den politikken som Samarbeidsregjeringen har stått for hele tiden.

Hallgeir H. Langeland (SV) [17:28:28]: Til den utfordringa som SV ser, knytt opp mot ny regjering: Sjølv-sagt er det ei stor utfordring, veldig stor. Det er veldig stor forskjell på SVs energipolitikk og Arbeidarpartiets energipolitikk. Nettopp derfor tek SV denne utfordringa på alvor.

Men eg må seia at eg synest det er veldig lett vint når Kristeleg Folkeparti ikkje innser at dei må sitja som eit gissel. Eg kan nemna sak etter sak der Kristeleg Folkeparti no meiner noko anna. Barentshavet er eit eksempel, der har ein opna, der har Kristeleg Folkeparti glidd vekk og meiner noko anna. I forhold til gasskraftverk meinte Kristeleg Folkeparti noko anna i Bondevik I – no meiner dei at det er greitt – bygg det på Melkeøya. I forhold til satsing på miljøvennleg, alternativ energi, har SV ein klar profil på 20 TWh utan gass. Der var Kristeleg Folkeparti meir på linje før. I forhold til ei storsatsing på miljøvennleg samferdsel har SV ein heilt annan profil enn Kristeleg Folkeparti. Der var vi meir på line før.

Eg kan rekna opp ei rekkje saker som går i den retninga, og som viser at Kristeleg Folkeparti sin miljøprofil er monaleg svekt, ikkje minst i dag. Nettopp derfor får Kristeleg Folkeparti kjeft frå miljøørsla. Ein ting er at det ikkje går inn på dei å få kjeft av SV, og at dei ikkje vil snakka om korleis dette følest, osv. Men eg må jo seia at eg trudde dei tok miljøørsla meir alvorleg, dei fekk kritikk derfrå òg, men dei vel altså berre å kimsa av det og seier at SV er heilt på villspor. Då synest eg at ein beveger seg langt frå verkelegheita. Då kan ein berre kikka ut og sjå kva miljøørsla seier om Kristeleg Folkeparti i dag, i forhold til kva dei sa 9. mars 2000.

Statsråd Knut Arild Hareide [17:30:32]: Det er blitt framheva frå denne talarstolen – og ikkje frå nokon representant frå regjeringspartia – at Noreg ligg fremst i klimapolitiken. Det vil eg gi mi tilslutning til.

No får me eit nytt verkemiddel i klimapolitikken, me får eit kvotesystem. Me har frå før ei CO₂-avgift som er av dei høgaste i verda. Me har ein avtale med prosessindustrien. Me har ei HFK/PFK-avgift, så me får totalt sett eit verkemiddelapparat innan klimapolitikken som er unikt i verdssamanheng. Det skal det vera, fordi me skal vera av dei som frontar klimapolitikken. Det er derfor med stoltheit ei samla regjering er med på å leggja fram dette. Me legg altså fram eit nytt verkemiddelapparat innanfor klimapolitikken. Men me vel å behalda moglegheita til å stilla teknologikrav gjennom forureiningslova. Det er nettopp fordi me vil behalda moglegheita i forhold til nye gasskraftverk. Det er eit viktig miljøpolitisk område. Det skal stillast krav til dei nye gasskraftverka om CO₂-handtering fram til me har eit system som er i tråd med Kyotoprotokollen. Derfor er det med rak rygg representantane frå alle regjeringspartia kan stå og fronta miljøpolitikken.

Det som for meg blir det paradoksale, er at me la føringar for denne politikken, saman med SV, i tilleggsmeldinga. Me beheld ambisjonsnivået om reduserte utslipp, som me òg la fram i tilleggsmeldinga. Me fører ikkje ein politikk som opnar for nye gasskraftverk, gjenom den lova me legg fram her. Derfor burde det ha vore veldig enkelt for SV å vera med og støtta denne lova.

Eg forstår at representanten Hallgeir H. Langeland er oppteken av at oljeindustrien og ein del andre har sine feiringar. Ja, eg er glad for at òg den delen av industrien ser kor viktig ein restriktiv og god klimapolitikk er. Det er eg glad for. Me treng å byggja miljøalliansar langt utover dei som vanlegvis har fremma miljøpolitikken. Derfor er det med stor glede eg kan seia at me har fått eit nytt verkemiddel i klimapolitikken som samla sett vil gjera at klimapolitikken blir betre.

Synnøve Konglevoll (A) [17:33:39]: Jeg skal heller ikke dra ut debatten. Men jeg tok ordet nå fordi det overrasker meg at statsråden på denne måten framstiller Norge med en glorie i klimapolitikken. Mange av oss som har hatt innlegg i dag, har startet med hvor store miljøutfordringer vi har. Da synes jeg det er overraskende at statsråden ikke er mer ydmyk når det gjelder å innrømme at dette er et skritt i riktig retning, men det er bare et lite skritt. Det er heller ikke slik at vi ligger veldig langt foran alle andre land – tvert imot. Vi har tilpasset oss et forslag fra EU.

Når det gjelder registreringsmekanismen, har Storbritannia, f.eks., vært mye lenger foran enn det Norge har vært. Faktum er at Regjeringa har gått en lang omvei, fra det forslaget de opprinnelig la fram, som da var så fantastisk mye bedre, til de har lagt seg inn på omtrent det samme som Arbeiderpartiet foreslo. Så at statsråden skal holde fram Norge og denne regjeringa som så fantastisk mye bedre enn noen andre land og noen andre regjeringer, synes jeg vitner om litt manglende ydmykhet i forhold til de utfordringene vi faktisk står overfor.

Å g o t V a l l e hadde her gjeninntatt presidentplassen.

Hallgeir H. Langeland (SV) [17:35:00]: Eg konstaterer at Kristeleg Folkeparti har fått seg nye partnarar, og at dei består av kameratar som ikkje akkurat er kjende for å ta klimatrusselen på alvor. SV står i dag, som i 2000, saman med dei same partnarane som me hadde då. Det gjer altså ikkje Kristeleg Folkeparti.

Statsråd Knut Arild Hareide [17:35:32]: Eg skal òg vera veldig kort. Eg vil berre seia at Regjeringa står for den same politikken som da me la fram tilleggsmeldinga, det same ambisjonsnivået, og det er derfor me med stoltheit legg fram denne lova. Eg er glad for den tilslutninga ho har fått, og at Arbeidarpartiet er med på å støtta lova.

Eg har lyst til å kommentera det representanten Synnøve Konglevoll tek opp, for det synest eg er viktig. Det er store utfordringar innanfor klimapolitikken. Derfor

skal Noreg vera i front. Noreg skal vera eit av dei landa som frontar ein meir ambisiøs klimapolitikk òg internasjonalt. Men eg har òg lyst til å seia at innanfor det verkemiddelapparatet som me har i dag, ligg Noreg heilt i front. Me har eit av dei mest heildekkjande verkemiddelapparata. Det har representanten Synnøve Konglevoll i dag vore med på å gjera endå betre gjennom at me får ei kvotelov.

Men det er mange steg å gå. Kyoto-avtalen er berre eit første steg på vegen. Me er nøydd til å ta fleire steg for å nå dei langsiktige måla. Kyoto-avtalen inneber ein reduksjon på 5 pst. FN's klimapanel anslår at me i framtida er nøydd til å redusera ikkje 5 pst., men 50 pst. Derfor må me òg ta nye steg vidare.

Presidenten: Flere har ikke bedt om ordet til sak nr. 4. (Votering, se side 225)

Etter at det var ringt til votering i 5 minutter, uttalte **presidenten:** Odelstinget skal votere i sakene nr. 1–4.

Votering i sak nr. 1

Komiteen hadde innstillet til Odelstinget å gjøre slikt vedtak til

l o v
om endringer i lønnsgarantilova

I

I lov 14. desember 1973 nr. 61 om statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.v. skal § 1 tredje leddet første punktum lyde:

Kravene dekkes av garantien i den utstrekning de har fortrinnsrett etter kapittel 9 i lov om fordringshavernes dekningsrett, dog begrenset i det enkelte tilfelle til et beløp som svarer til *to* ganger folketrygdens grunnbeløp på frisdagen.

II

Endringa trer i kraft 1. januar 2005.

Endringa gjeld berre for bu der krav om konkurs kjem til skifteretten etter at lova er iverksett, for forsikringsselskap og bankar der vedtak om å setje institusjonen under offentlig administrasjon vert gjort etter dette tidspunktet, insolvente dødsbu der dødsfallet skjer etter dette tidspunktet og insolvente selskap der tvangsavvikling i medhold av aksjelova § 16-15 og allmennaksjelova § 16-15 vert bestemt etter dette tidspunktet.

Presidenten: Sosialistisk Venstreparti har varslet at de går imot.

Votering:

Komiteens innstilling bifaltes med 60 mot 10 stemmer. (Voteringsutskrift kl. 17.44.10)

Presidenten: Det voteres over lovens overskrift og loven i sin helhet.

Presidenten regner med at Sosialistisk Venstreparti vil gå imot.

Votering:

Lovens overskrift og loven i sin helhet bifaltes med 58 mot 10 stemmer.

(Voteringsutskrift kl. 17.44.33)

Presidenten: Lovvedtaket vil bli sendt Lagtinget.

Votering i sak nr. 2

Presidenten: Under debatten har Magnhild Meltveit Kleppa satt fram et forslag på vegne av Senterpartiet. Forslaget lyder:

«I

I lov 29. april 1988 nr. 21 om ferie gjøres følgende endringer:

§ 5 (1) skal lyde:

Arbeidsgiver skal sørge for at arbeidstaker gis feriefritid på 30 virkedager hvert ferieår.

§ 10 (2) skal lyde:

Arbeidstaker har rett til feriepenger fra arbeidsgiver med 12,3 pst. av feriepengegrunnlaget (jf. nr. 1).

§ 15 oppheves.

II

Loven trer i kraft straks.»

Det vil bli votert alternativt mellom dette forslaget og innstillingen fra komiteen.

Komiteen hadde innstillet til Odelstinget å gjøre slikt vedtak:

Dokument nr. 8:60 (2003-2004) – forslag fra stortingsrepresentantene Morten Lund og Magnhild Meltveit Kleppa om lov om endring i lov 29. april 1988 nr. 21 om ferie (5. ferieuke) – vedlegges protokollen.

Voteringstavlene viste at det ved alternativ votering mellom komiteens innstilling og forslaget fra Senterpartiet ble avgitt 67 stemmer for innstillingen og 3 stemmer for forslaget fra Senterpartiet.

(Voteringsutskrift kl. 17.45.30)

Magnhild Meltveit Kleppa (Sp) (fra salen): Det skulle vera 4 røyster for forslaget.

Presidenten: De riktige tallene blir da 66 stemmer for komiteens innstilling og 4 stemmer for forslaget.

Votering i sak nr. 3

Komiteen hadde innstillet til Odelstinget å gjøre slikt vedtak:

Ot.prp. nr. 26 (2004-2005) om lov om endring i lov 6. mai 1988 nr. 22 om lønnsplikt under permittering – vedlegges protokollen.

V o t e r i n g :

Komiteens innstilling bifaltes enstemmig.

Votering i sak nr. 4

Presidenten: Under debatten er det satt fram 6 forslag.

Det er

- forslag nr. 1, fra Hallgeir H. Langeland på vegne av Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet
- forslagene nr. 2–4, fra Øyvind Vaksdal på vegne av Fremskrittspartiet
- forslag nr. 5, fra Hallgeir H. Langeland på vegne av Sosialistisk Venstreparti
- forslag nr. 6, fra Odd Roger Enoksen på vegne av Senterpartiet

Forslag nr. 1, fra Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, lyder:

«Stortinget ber Regjeringen sikre at kvotesystemet ikke svekker forurensningsloven som miljøpolitisk virkemiddel.»

Forslag nr. 2, fra Fremskrittspartiet, lyder:

«Stortinget ber Regjeringen avstå fra å innføre et nasjonalt tidlig kvoteregime som er konkurransevridende for norsk industrivirksomhet.»

Forslag nr. 3, fra Fremskrittspartiet, lyder:

«Stortinget ber Regjeringen arbeide for at norsk industri skal ha like krav til utslipp av såkalte klimagasser som man har i andre land innen EØS-området.»

Forslag nr. 4, fra Fremskrittspartiet, lyder:

«Stortinget ber Regjeringen vurdere implementering av EUs kvotedirektiv og fremme sak om dette til Stortinget.»

Forslagene blir i samsvar med forretningsordenens § 30 fjerde ledd å sende Stortinget.

Komiteen hadde innstillet til Odelstinget å gjøre slikt vedtak til

l o v

om kvoteplikt og handel med kvoter for utslipp av klimagasser (klimakvoteloven)

Presidenten: Det voteres her først over forslag nr. 5, fra Sosialistisk Venstreparti. Forslaget lyder:

«§ 3 skal lyde:

§ 3 (*utslipp som omfattes av denne loven*)

Loven gjelder utslipp av CO₂ i forbindelse med:

- a) raffinering av mineralolje
- b) produksjon av koks
- c) produksjon og bearbeiding av jern og stål, herunder røsting og sintring av jernmalm
- d) produksjon av sement, kalk, glass, glassfiber og keramiske produkter.

Loven gjelder likevel ikke utslipp:

- a) fra forbrenning av biomasse
- b) fra forbrenning av farlig avfall og kommunalt avfall
- c) som er avgiftsbelagt etter Stortingets årlige vedtak om CO₂-avgift.

§ 8c skal lyde:

Dersom utslippene fra virksomhet som nevnt i bokstav a etter 1. januar 2001, men før 31. desember 2007, har blitt vesentlig redusert som følge av vesentlige endringer av virksomhetens art eller omfang, skal dette tillegges betydning ved tildelingen. Endringer som medfører økte utslipp vil ikke påvirke tildelingen.»

V o t e r i n g :

Forslaget fra Sosialistisk Venstreparti ble med 63 mot 10 stemmer ikke bifalt.

(Voteringsutskrift kl. 17.47.17)

Presidenten: Det voteres så over forslag nr. 6, fra Senterpartiet. Forslaget lyder:

«§ 7 skal lyde:

§ 7 (*tildelingsmetode*)

Kvotene skal for perioden 1. januar 2005 til 31. desember 2007 tildeles vederlagsfritt til de virksomhetene som faller inn under lovens § 3 punkt b-e. Virksomheter som faller inn under § 3 punkt a vil ikke få tildelt kvoter vederlagsfritt, men pålegges å kjøpe det nødvendige antall kvoter i markedet.»

V o t e r i n g :

Forslaget fra Senterpartiet ble mot 4 stemmer ikke bifalt.

Videre var innstillet:

Kapittel 1 Innledende bestemmelser§ 1 (*lovens formål*)

Formålet med denne loven er å begrense utslippene av klimagasser på en kostnadseffektiv måte gjennom et system med kvoteplikt for utslipp av CO₂ og fritt omsettelige utslippskvoter.

§ 2 (*lovens stedlige virkeområde*)

Loven gjelder for utslipp i riket og for utslipp fra virksomhet på den norske delen av kontinentalsokkelen, med de begrensningene som følger av folkeretten.

Kongen kan gi forskrift med nærmere bestemmelser om lovens stedlige virkeområde, herunder om lovens anvendelse på Svalbard.

§ 3 (*utslipp som omfattes av denne loven*)

Loven gjelder utslipp av CO₂ i forbindelse med:

- a) energiproduksjon
- b) raffinering av mineralolje
- c) produksjon av koks
- d) produksjon og bearbeiding av jern og stål, herunder røsting og sintring av jernmalm
- e) produksjon av sement, kalk, glass, glassfiber og keramiske produkter.

Loven gjelder likevel ikke utslipp:

- a) fra forbrenning av biomasse

- b) fra forbrenning av farlig avfall og kommunalt avfall
c) som er avgiftsbelagt etter Stortingets årlige vedtak om CO₂-avgift.

Kongen kan i forskrift gi bestemmelser om at utslipp omfattet av første ledd fra produksjonsenheter med kapasitet under en fastsatt grense skal være unntatt fra denne lov, herunder bestemmelser om at flere produksjonsenheter som står i nær driftsmessig eller fysisk sammenheng skal vurderes under ett ved beregningen av kapasiteten.

Kongen kan i forskrift gi bestemmelser om at utslipp av CO₂ fra en produksjonsenhet i sin helhet skal være omfattet av denne lov selv om utslippet bare delvis skyldes virksomhet som nevnt i første ledd.

§ 4 (kvoteplikt)

Den som driver virksomhet som nevnt i § 3 er kvotepliktig etter denne lov og må innlevere kvoter tilsvarende sine kvotepliktige utslipp i samsvar med bestemmelsene i § 13. I tillegg kreves tillatelse etter forurensningsloven § 11.

§ 5 (søknad om utslippstillatelse og kvoter)

Søknad om utslippstillatelse etter forurensningsloven § 11 må foreligge innen 15. januar 2005 for at virksomheten skal komme i betraktning ved tildeling av kvoter etter § 8 for perioden 1. januar 2005 til 31. desember 2007. Søknader som er innlevert innen denne fristen anses samtidig for å være søknader om å få tildelt kvoter i medhold av § 8. Søknaden må inneholde de opplysningene som er nødvendige for å vurdere hvor mange kvoter som skal tildeles etter § 8. Forurensningsmyndighetene kan i det enkelte tilfellet fastsette hvilke opplysninger eller undersøkelser søkeren må sørge for.

Kapittel 2 Fastsettelse av det samlede antallet kvoter og tildeling

§ 6 (fastsettelse av det samlede antallet kvoter)

Kongen fastsetter det samlede antallet kvoter som tildeles for perioden 1. januar 2005 til 31. desember 2007.

Ved fastsettelsen av det samlede antallet kvoter skal Kongen blant annet ta hensyn til Norges internasjonale forpliktelser til å begrense utslippene av klimagasser, den faktiske og forventede utslipp utviklingen i Norge, hvor stor andel av de faktiske og forventede utslippene som omfattes av § 3, å unngå forskjellsbehandling mellom sektorer og bedrifter, og de tekniske og økonomiske mulighetene for å begrense utslipp som omfattes av § 3.

§ 7 (tildelingsmetode)

Kvotene skal for perioden 1. januar 2005 til 31. desember 2007 tildeles vederlagsfritt til de kvotepliktige.

§ 8 (tildeling av kvoter)

Forurensningsmyndighetene treffer vedtak om hvor mange kvoter som skal tildeles den enkelte kvotepliktige for perioden 1. januar 2005 til 31. desember 2007.

For tildelingen av kvoter for perioden 1. januar 2005 til 31. desember 2007 skal følgende retningslinjer legges til grunn:

- For virksomhet som er igangsatt senest 1. januar 2001, skal tildelingen ta utgangspunkt i virksomhetens gjennomsnittlige utslipp i basisårene fra og med 1998 til og med 2001.
- Dersom virksomhet som nevnt i bokstav a ikke har vært i drift i alle basisårene eller av andre grunner har atypiske utslipp i ett eller flere av basisårene, kan kvoter tildeles på grunnlag av utslippene i de øvrige årene.
- Dersom utslippene fra virksomhet som nevnt i bokstav a etter 1. januar 2001, men før 31. desember 2007, har blitt eller med rimelig sikkerhet forventes å bli vesentlig redusert eller økt som følge av vesentlige endringer av virksomhetens art eller omfang, skal dette tillegges betydning ved tildelingen. Ved endringer som medfører økte utslipp kan det ved tildelingen legges vekt på mulighetene, herunder de tekniske og økonomiske mulighetene, for å begrense utslipp av CO₂, særlig ved å ta i bruk de beste tilgjengelige teknikkene.
- For virksomhet som er igangsatt etter 1. januar 2001 eller med rimelig sikkerhet forventes å bli igangsatt før 31. desember 2007, kan det ved tildelingen legges vekt på mulighetene, herunder de tekniske og økonomiske mulighetene, for å begrense utslipp av CO₂, særlig ved å ta i bruk de beste tilgjengelige teknikkene.

Tildelingsvedtaket gjøres betinget av at den kvotepliktige ved den årlige utdelingen av kvoter etter § 9, har utslippstillatelse for CO₂ etter forurensningsloven § 11 annet ledd og at virksomhetens art og omfang ikke avviker vesentlig i forhold til de forutsetningene som tildelingsvedtaket bygger på. I forbindelse med den årlige utdelingen av kvoter etter § 9 prøver forurensningsmyndighetene om betingelsene for tildelingsvedtaket er oppfylt. Dersom forurensningsmyndighetene kommer til at dette ikke er tilfellet kan tildelingsvedtaket omgjøres. Omgjøringsvedtaket legges til grunn for kvoteutdelingen etter § 9.

Kongen kan i forskrift gi nærmere bestemmelser om tildeling av kvoter etter denne bestemmelsen.

§ 9 (utdeling av kvoter)

Forurensningsmyndighetene deler hvert år ut det antallet kvoter den enkelte kvotepliktige er berettiget til etter vedtak i medhold av § 8. Utdelingen av kvoter skjer ved at forurensningsmyndighetene innen 1. mars hvert år underretter Det norske registeret for klimakvoter om at et angitt antall kvoter skal overføres til den kvotepliktiges konto i registeret. Utdeling av kvoter for 2005 skal skje innen 15. mars 2005.

Dersom den kvotepliktige har fått utdelt et større antall kvoter enn det vedkommende er berettiget til i henhold til vedtak om tildeling av kvoter etter § 8, skal forurensningsmyndighetene underrette Det norske registeret for klimakvoter om at overskytende kvoter skal slettes fra vedkommendes konto. Før forurensningsmyndighetene underretter Det norske registeret for klimakvoter om sletting, skal den kvotepliktige varsles og gis anledning

til å uttale seg innen en nærmere angitt frist, med mindre vedkommende allerede på annen måte har hatt rimelig anledning til å uttale seg, varsel av andre grunner må anses åpenbart unødvendig, eller det er grunn til å frykte at det vil vanskeliggjøre slettingen.

§ 10 (*meldeplikt*)

Den kvotepliktige skal på forhånd gi melding til forurensningsmyndighetene om enhver endring av virksomhetens art eller omfang som kan ha betydning for om betingelsene i vedtak etter § 8 er oppfylt.

Kapittel 3 Det norske registeret for klimakvoter – Oppgjør av kvoteplikten

§ 11 (*Det norske registeret for klimakvoter*)

Det norske registeret for klimakvoter skal inneholde opplysninger om utstedelse, utdeling, beholdning, overdragelse, overføring til oppgjør og sletting av kvoter.

Kongen utpeker en ansvarlig myndighet for opprettelse og drift av registeret. Kongen kan i forskrift gi nærmere bestemmelser om utformingen og driften av dette registeret, herunder bestemmelser om hvilke typer kontoer og opplysninger registeret skal inneholde, hvilke opplysninger som skal være offentlig tilgjengelige og om samarbeid med andre registre.

Offentlige myndigheter har rett til å få tilgang til opplysninger fra kvoteregisteret i den utstrekning dette er nødvendig for å fremme deres oppgaver i eller i medhold av lov.

§ 12 (*opprettelse av konto, overføring og sletting av kvoter*)

Enhver fysisk eller juridisk person har rett til å opprette konto i Det norske registeret for klimakvoter.

En kontohaver har rett til å overføre egne kvoter til andre kontohavere. Kongen kan i forskrift gi bestemmelser som innskrenker overføringsadgangen etter denne bestemmelsen der dette er nødvendig i henhold til regelverket under Kyotoprotokollen 1997 til FNs rammekonvensjon 1992 om klimaendring.

En kontohaver kan kreve at kvoter registrert på egen konto slettes.

Kongen kan i forskrift gi bestemmelser om betaling av gebyr for opprettelse av konto, mottak av kvoter utstedt av staten og overføring av kvoter i, til eller fra registeret.

§ 13 (*plikt til å overføre kvoter til oppgjør*)

Den kvotepliktige skal innen 1. mai hvert år overføre et antall kvoter som svarer til virksomhetens rapporteringspliktige utslipp det foregående året, til en nærmere angitt oppgjørskonto i registeret.

Dersom den kvotepliktige ikke innen fristen etter første ledd har satt inn et tilstrekkelig antall kvoter på oppgjørskontoen, skal den kvotepliktige innen 1. mai året etter at oppgjør i medhold av første ledd skulle ha funnet sted, plassere kvoter på den tildelte oppgjørskontoen sva-

rende til underskuddet fra det tidligere året. I tillegg skal det ilegges overtredelsesgebyr etter § 21.

Kvoter som er overført til oppgjør etter første og annet ledd for kvoteplikt i perioden 1. januar 2005 til 31. desember 2007 skal slettes.

§ 14 (*godkjenning av kvoter som ikke er utstedt i Det norske registeret for klimakvoter*)

Kongen kan i forskrift gi nærmere bestemmelser om hvilke typer kvoter, andre enn de som er utstedt etter § 8, som kan godkjennes i oppgjør i forhold til kvoteplikten, og prosedyrene for dette.

§ 15 (*utstedelse av kvoter på grunnlag av utslippsreducerende prosjekter i sektorer innenlands som ikke har kvoteplikt*)

Kongen kan i forskrift gi nærmere bestemmelser om utstedelse av kvoter på grunnlag av utslippsreducerende prosjekter i sektorer innenlands som ikke har kvoteplikt.

Kapittel 4 Rapportering og kontroll

§ 16 (*rapportering*)

Den kvotepliktige skal innen 1. mars hvert år rapportere foregående års kvotepliktige utslipp av CO₂ til forurensningsmyndighetene.

Kongen kan i forskrift gi nærmere bestemmelser om rapporteringen, herunder bestemmelser om hva som skal rapporteres og hvordan utslippene skal beregnes eller måles.

§ 17 (*forurensningsmyndighetenes kontroll*)

Forurensningsmyndighetene kontrollerer og godkjenner den enkelte kvotepliktiges rapportering av CO₂-utslipp etter § 16.

I særlige tilfeller kan forurensningsmyndighetene gi pålegg om at den kvotepliktiges utslippsrapport skal verifiseres av en uavhengig tredjepart før innlevering. Kongen kan i forskrift gi nærmere bestemmelser om krav til og akkreditering av verifikasjonsinstans, herunder om utarbeidelsen og innholdet av verifikasjonserklæringer.

Kongen kan i forskrift fastsette at omkostninger i forbindelse med forurensningsmyndighetenes kontroll av utslippsrapporter etter denne bestemmelsen skal dekkes av den kvotepliktige.

§ 18 (*pålegg om opplysninger eller undersøkelse*)

Forurensningsmyndighetene kan pålegge kvotepliktige å gi opplysninger eller å sørge for eller bekoste undersøkelser eller lignende tiltak som med rimelighet kan kreves for å fastslå om det er behov for å endre rapporteringsreglene gitt i medhold av § 16.

Kapittel 5 Sanksjoner

§ 19 (*suspensjon av retten til å overføre kvoter*)

Dersom den kvotepliktige ikke innen 1. april det enkelte år har rapportert sine utslipp i henhold til bestemmelsene gitt i eller i medhold av § 16, skal forurensnings-

myndighetene suspendere vedkommende fra retten til å overføre kvoter i kvoteregisteret fram til tilfredsstillende rapportering foreligger.

§ 20 (tvangsmulkt)

Ved overtredelse av rapporteringsplikten etter § 16 kan forurensningsmyndighetene fatte vedtak om tvangsmulkt til staten. Tvangsmulkten begynner å løpe dersom den kvotepliktige oversitter den fristen som forurensningsmyndighetene har fastsatt for å rette forholdet. Tvangsmulkten løper så lenge det ulovlige forholdet varer.

Tvangsmulkten ilegges den kvotepliktige etter § 4. Vedtak om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg. Forurensningsmyndighetene kan frafalle påløpt tvangsmulkt.

§ 21 (overtredelsesgebyr)

Dersom den kvotepliktige ikke har overholdt sine forpliktelser etter § 13 første ledd, ilegges forurensningsmyndighetene et overtredelsesgebyr til statskassen. Overtredelsesgebyret skal tilsvare 40 euro på forfallstidspunktet for hvert tonn rapporteringspliktig CO₂ som det ikke er plassert kvoter for på virksomhetens konto i henhold til § 13 første ledd. Gebyret forfaller til betaling 14 dager etter påkrav. Ved forsinket betaling skal det betales renter etter lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m. Vedtak om overtredelsesgebyr er tvangsgrunnlag for utlegg. Kongen kan i forskrift endre størrelsen på overtredelsesgebyret.

Informasjon om hvem som er ilagt overtredelsesgebyr og omfanget av overtredelsen skal gjøres tilgjengelig for offentligheten.

§ 22 (straff)

Med bøter eller fengsel inntil 3 måneder eller begge deler straffes den som forsettlig eller uaktsomt overtrer bestemmelsene om rapporteringsplikt gitt i eller i medhold av § 16 i denne lov.

Kapittel 6 Avsluttende bestemmelser

§ 23 (endringer i andre lover)

I lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensning og om avfall gjøres følgende endringer:

§ 11 nytt annet ledd skal lyde:

Kvotepliktig etter klimakvoteloven § 4 skal etter søknad innvilges tillatelse til kvotepliktige utslipp av CO₂ så fremt han godtgjør at han er i stand til å overvåke og

rapportere utslippene på en tilfredsstillende måte. Kongen kan i utslippstillatelsen sette vilkår i medhold av § 16. Det skal ikke settes noen utslippsgrenseverdi i tillatelsen. Tillatelsen gjelder så langt det innleveres kvoter i henhold til plikten i klimakvoteloven § 13.

Nåværende § 11 annet ledd blir § 11 tredje ledd osv.

§ 18 nytt annet ledd skal lyde:

Tillatelse gitt i medhold av § 11 annet ledd tilbakekalles eller endres dersom kvoteplikten etter klimakvoteloven § 4 opphører.

Nåværende § 18 annet ledd blir § 18 tredje ledd.

Nåværende § 18 tredje ledd blir § 18 nytt fjerde ledd og skal lyde:

Ved avgjørelser etter første og tredje ledd skal det tas hensyn til kostnadene en endring eller omgjøring vil påføre forurenseren og de fordeler og ulemper endring eller omgjøring for øvrig vil medføre.

§ 24 (ikrafttredelse)

Loven gjelder fra 1. januar 2005.

Presidenten: Fremskrittspartiet har varslet at de vil gå imot.

V o t e r i n g :

Komiteens innstilling bifaltes med 61 mot 11 stemmer. (Voteringsutskrift kl. 17.48.01)

Presidenten: Det votes over lovens overskrift og loven i sin helhet.

Presidenten regner med at Fremskrittspartiet vil gå imot.

V o t e r i n g :

Lovens overskrift og loven i sin helhet bifaltes med 60 mot 11 stemmer.

(Voteringsutskrift kl. 17.48.25)

Presidenten: Lovvedtaket vil bli sendt Lagtinget.

S a k n r . 5

Referat

Presidenten: Det foreligger ikke noe referat.

Møtet hevet kl. 17.50.